

SOGNDAL KOMMUNE
v/rådmannen
Postboks 153
6851 SOGNDAL

Melding om postalt tilsyn - krav om opplysningar

Dette er eit tilsyn som inneber at du som arbeidsgivar skal sende inn opplysningar til Arbeidstilsynet.

Arbeidstilsynet fører tilsyn med at verksemda rettar seg etter føresegnene i arbeidsmiljølova. Verksemdar som er underlagde tilsyn etter arbeidsmiljølova, har når Arbeidstilsynet krev det, plikt til å sende inn opplysningar, jf. arbeidsmiljølova § 18-5.

Formålet med tilsynet

Den 10.01.2014 vår ref. 2013/38556, gjennomførte Arbeidstilsynet eit tilsyn hos Sogn barnevern. Arbeidstilsynet konkluderte den gang at det var ein krevjande situasjon ved barnevernet, og det blei gjeve pålegg om å handtere og sette i verk tiltak for å oppfylle krava om eit fult forsvarleg arbeidsmiljø. Arbeidstilsynet fekk tilbakemelding den 04.12.2014 der kommunen beskriv vidare framdrift i saka. På grunn av tilbakemelding frå kommunen, avslutta vi saka jf. vårt brev av 10.12.2014.

Arbeidstilsynet har no i seinare tid fått tilbakemelding frå vernetenesta om at situasjonen har endra seg, og at det er stor fare for at arbeidsmiljøet ved barnevernet vil bli skadelidande og falle tilbake til tidligare nivå. Arbeidstilsynet ser alvorleg på tilbakemeldingane med omsyn til arbeidsmiljøet ved Sogn barnevern


Innsending av dokumentasjon/opplysningar

Vi ber dykk sende inn følgjande dokumentasjon/opplysningar:

1. Rådmann si vurdering av arbeidsmiljøet ved Sogn barnevern
2. Vernetenesta si vurdering av arbeidsmiljøet ved Sogn barnevern

Svarfrist: 16.11.2015

Merk sendinga med referansenummer 2015/49418. Bruk denne adressa:



Arbeidstilsynet
Postboks 4720 Sluppen
7468 Trondheim

De kan også sende inn opplysningane på e-post til: post@arbeidstilsynet.no

Dersom de har spørsmål som er knytte til dei opplysningane vi ber om, kan de ta kontakt med saksbehandlaren.

Vidare oppfølging

Det er dei opplysningane de sender inn, som dannar grunnlaget for den vidare oppfølginga. Arbeidstilsynet har rett til å gi pålegg og gjere andre enkeltvedtak på bakgrunn av dei opplysningane vi får inn, jf. arbeidsmiljølova § 18-6.

De kan klage


Kravet om å sende inn opplysningar er ikkje rekna som eit enkeltvedtak. Dersom de meiner at de ikkje har plikt eller lov til å gi oss dei opplysningane vi ber om, kan de likevel klage, jf. forvaltningslova § 14. Klagefristen er 3 dagar etter at de har fått dette brevet. For nærmare opplysningar om klageinstans og framgangsmåte, sjå www.arbeidstilsynet.no/klage.

Informasjon til verneombodet

Verneombodet skal gjerast kjent med vedtak frå Arbeidstilsynet, jf. arbeidsmiljølova §§ 6-2 sjette ledd og 18-6 åttande ledd. Vi har sendt ein eigen kopi av dette brevet til verneombodet. Dersom verksemda ikkje har verneombod, skal arbeidsgivaren gi kopien til representanten for dei tilsette.

Har de behov for meir informasjon?

De finn meir informasjon om Arbeidstilsynet og krav til arbeidsmiljøet på www.arbeidstilsynet.no, eller de kan kontakte oss på telefon 815 48 222.



Med helsing
Arbeidstilsynet

Jan Petter Sæbø
tilsynsleiar
(sign.)

Oddvar Mikalsen
seniorinspektør
(sign.)

Dette brevet er godkjent elektronisk i Arbeidstilsynet og har derfor ingen signatur.

Kopi til:
verneombodet i verksemda
FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE, Njøsavegen 2, 6863 LEIKANGER